

## Notat -

### kyrkjetomt, kyrkjebygg

Representantar frå sokneråd, kyrkjeutval og kyrkjeverja var torsdag 25.01 i møte med kommuneleiinga for å avklare ein del spørsmål etter vedtaket i kommunestyret 13.12. om kyrkjebygging.

Når det gjeld tomta hadde vi spørsmål til rådmannens innstilling om å gå vekk frå den opphavlege tomta og legge tomta til Langelandsskogen. Rådmannen forsikra oss om at det vil vere mykje tryggare og raskare å få realisert ei tomt i Langelandsskogen enn å gå til ekspropriasjonssak på den opphavlege tomta. Det er planlagt god progresjon og høg prioritering av planarbeidet for Langelandsskogen. Det er svært sannsynlig at tomteplasseringa er klar i november/desember 2018 og at tomta er innkjøpt før sommaren 2019.

Ut i frå desse forsikringane forventar vi at rådmannen med sin administrasjon og politikarane held fram med sitt arbeid for at ei kyrkje kan bli realisert. Vi reknar også med at målet om ei kyrkje står ved lag uansett kva namnet er på kommunen på realiseringstidspunktet. Med dette som bakgrunn ser vi det som tenleg at kyrkjetomta blir lagt til ein stad i Langelandsskogen. Vi trur denne løysinga både vil føre fram og - føre oss raskare fram - til målsetjinga; å få bygd ei tenleg kyrkje på Frekhaug til beste for folk flest i Meland. I prosessen med val av tomt er det viktig at kyrkja vert involvert.

Det er difor også viktig for kyrkja at det denne våren blir arbeidd med å få ein forpliktande avtale om tomtekjøp, finansiering og bygging av kyrkja, slik rådmannen legg opp til i si saksutgreiing til formannskapet. Vi ser fram til eit godt samarbeid i det vidare arbeidet.

Frekhaug 29.01.18

Anne Sofie Nergård Uthaug, kyrkjeverje